

Cathrine stiller ut i Galleri Bjørk



Cathrine Yksnøy og Marita Bett Jensen i Galleri Bjørk. (Foto: Fotograf MA)

Cathrine Yksnøy har sydd sidan ho var ung jente, men på grunn av stor etterspurnad frå publikum har hob- byen utvikla seg til å verte butikk. Tre laurdagar fram-

over skal ho halde utstilling i lokala til Galleri Bjørk ved småbåthamna i Ørsta.

– Eg fann til slutt ut at eg ikkje kan ha alle kjolane og andre klesplagga sjølv, seier Yksnøy, som ofte tek imot bestillingar frå privatpersonar som vil sikre seg ein unik kjole av merket CatY.

Tidlegare har synga vore ein hobby, der Yksnøy har fått utløp for sin boblande kreativitet og sine uordinære måtar å handtere tekstilar på. Massiv etterspurnad frå interesserte kundar har resultert i at Yksnøy no ønskjer å gjere produkta tilgjengelege for fleire enn dei næraste.

Slik har dermed hobbyen vorte eit enkeltmannsføretak, og klesmerket CatY er allereie mykje omtala og skrytt opp i skyene.

– Eg er ikkje nervøs, men eg gler meg til utstillinga. Når eg har laga noko ekstra fint hengjer eg det alltid til side for sal, seier Yksnøy.

Samarbeid

Initiativet til eit samarbeid med Galleri Bjørk i Ørsta kom frå kunstnar og gallerieigar Marita Bett Jensen, som let seg fasinere av dei vakre plagga Yksnøy tryllar fram.

– Cathrine stakk innom Galleri Bjørk like før eg skulle opne den siste utstillinga mi, og eg spurde om ho ville lage meg ein spesialsydd kjole til galleriopninga. Det gjorde ho, og kjolen var rålekker, seier Jensen.

Cathrine Yksnøy hadde på det tidspunktet teke ei avgjerd om å lage bedrift ut av den tidlegare hob- byen, og etter initiativet frå Jensen byrja dei planlegginga av Yksnøy si debututstilling i Galleri Bjørk.

Framhevar kvarandre

– Eg kjem til å stille ut både kjolar i vakre og friske fargar og ulike vesker. Alle produkta vil vere unike og berre eitt eksemplar av, seier Yksnøy.



Cathrine Yksnøy i ein av kjolane ho har laga. (Foto: Fotograf MA)

Målet er å skape ei utstilling der Yksnøy sine kreasjonar og Jensen sine bilete framhevar kvarandre.

– På mange måtar liknar vi kvarandre og arbeider utifrå same konsept, sjølv om vi nyttar ulike teknikkar. Begge likar å vere kreative og blande eldre og nyare stilartar, og under utstillinga er planen at prosjekta våre skal harmonere og gje den besøkjande ei god totaloppleving, seier Jensen.

Elegant i kvardagen

For Yksnøy handlar klesmerket CatY om gjere det mogleg for alle å kunne stå opp om morgonen, hive ein kjole over hovudet og likevel vere fin og elegant i kvardagen. Med åra har mange fått auga opp for Cathrine sine evner til å sy va-

kre plagg, og den store draumen er å kunne leve av dette.

– Det å kunne flytte ut av syrommet heime og til eit anna lokale er ein del av draumen. Å kunne forlate lokalet for å hente meir inspirasjon, og deretter kome attende for å sy. Heime vert det slik at eg dagleg oppheld meg blant kjolane, noko som fører til mykje grubling og tankar om alternative løysingar, seier Yksnøy.

Marita Bett Jensen er stolt over å få presentere ein lokal og nyetablert klesdesignar i Galleri Bjørk.

– Eg har stor tru på konseptet CatY, og eg håper Ørsta-publikummet no vil vere med og støtte opp om Cathrine, seier Jensen.



Detalj. (Foto: Fotograf MA)